

Bidrog med julemusikk i nabobygda.

09.12.2017



Med høypallar som kulisser vert det ei stemningsfull ramme for julemusikken.

Mange bygder har fine og koselege førjulsarrangement. Omvkdalen har sitt, og det gjekk av stabelen i ettermiddag. Eit fast innslag under dette arrangementet har dei siste åra vore julemusikk av dei rutinerte musikarane i Uskedal musikklag. Eg meiner at dei i alle fall har delteke dei siste fem åra.



[Musikklagsgjengen set pris på denne årvisse spelinga.](#)

Det er eit svært triveleg arrangement som Omvikdalen ungdomslag står for. Bygdefolket samlast i Dalheimskjellaren og der er julegraut, julenisse, deilege kaker og kaffi hovudpostar på programmet medan drøsen går godt rundt borda.

Klokka halv fem fortset arrangementet med fakkeltog frå Dalheim til Hjelmeland. Det er eit vakkert skue når fakkeltoget går, og dei vert møtt med kjende og kjære juletonar. I ei løe på Hjelmeland er nemleg Uskedal musikklag på plass og dei spelar julemusikk som breier seg nedover dalen frå toget startar. Sitjande i løa med høyballar på alle kantar held dei fram 'konserten' ei stund etter at folket er komne fram. Med slike kulisser vert det ekstra stemningsfullt. Dette er ei veldig kjekk speling som både musikklagsmedlemmene og publikum set stor pris på.

Musikklaget skal sjølvstøtt delta på julekonserten i kyrkja i morgon kl.19.30 saman med mange andre lokale aktørar. Etter det satsar dei også i år på ei avdeling under julefesten i Vonheim 28.desember. Der har dei spelt kvart år sidan 1987.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.